



Saksmappe: 2021/651
Sakshandsamar: ISL
Dato: 15.08.2024

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
66/24	Plan, miljø- og ressursutvalet	21.08.2024
73/24	Kommunestyret	21.08.2024

Detaljreguleringsplan for Rv. 9 Neset

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljreguleringsplanen for Rv. 9 Neset med planID 202103 og tilhøyrande føresegner datert 08.07.2024 og plankart datert 15.05.2024 for vedteken.

Plan, miljø- og ressursutvalet si handsaming av sak 66/2024 i møte den 21.08.2024:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljreguleringsplanen for Rv. 9 Neset med planID 202103 og tilhøyrande føresegner datert 08.07.2024 og plankart datert 15.05.2024 for vedteken.

Kommunestyret si handsaming av sak 73/2024 i møte den 21.08.2024:

Handsaming:

Innstillinga frå Plan-, miljø- og ressursutvalet blei samrøystes vedteken.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljreguleringsplanen for Rv. 9 Neset med planID 202103 og tilhøyrande føresegner datert 08.07.2024 og plankart datert 15.05.2024 for vedteken.

SAKSUTGREIING

Saksvedlegg

- 1 Plankart, Rv9 Neset.pdf
- 2 Føresegner, Reguleringsplan rv. 9 Neset.pdf
- 3 Planomtale, Reguleringsplan rv. 9 Neset.pdf
- 4 Notat - oppsummering og kommentarer til merknader offentlig høring.pdf
- 5 Merknader frå Agder FK.pdf
- 6 Merknader frå Bygland kommune.pdf
- 7 Merknader frå Torfinn Hageland.pdf
- 8 Merknader frå NVE.pdf
- 9 Merknader frå Statsforvaltaren.pdf

Saksvedlegg som ligg på heimesida

Store saksvedlegg blir lagt under «Politikk» og «Dokument og linkar til politisk arbeid» på kommunen si nettside www.bygland.kommune.no

Til denne saka er det følgjande slike vedlegg:

Bakgrunn for saka

Bygland kommune har motteke eit planforslag ifrå Statens vegvesen for handsaming om planvedtak.

Føremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for utbetring av kurvatur og sideterreng over ei strekning på ca. 1,4 kilometer frå Neset camping og sørover mot Byglandsfjord.

Eit planvedtak er òg eit grunnlagsdokument for å kunne erverve grunn, og for å kunne utføre byggetiltaka.

Formelt grunnlag

Plan- og bygningslova § 12-12

Vurderingar og konsekvensar

Etter PBL § 3-7 kan mynde med ansvar for større samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur etter samråd med planmynde utarbeide og fremme forslag til arealplan for slike tiltak og avgjerde å legge slike planer ut til offentleg ettersyn.

Statens vegvesen har hatt planforslaget ute på høyring og offentleg ettersyn i perioden 16.05.2024 til 27.06.2024. I denne tidsperioden vart det ikkje høve for å ha planen til høyring via Plan- miljø og ressursutvalet på grunn av tidspunkt for mottak av planforslag og vår

møtekalender, men fagetatene har kome med sine merknader. Bygland kommune sende fylgjande merknader, sjå vedlegg;

Kort summert:

- Føresegn om korleis handtere eventuelle overskotsmasser.
- Føresegn om reingjering av maskiner før og etter anleggstart.
- Føresegn om bruk av siltgardin og at ein ikkje bør nytte sulfidholdige masser ved utfylling.

Planforslaget er godt planlagd og har ivareteke naudsynte omsyn. Innkome merknader til planforslaget er vurdert og kommentert av planleggjar Statens vegvesen, sjå vedlegg.

Der er ikkje motsegn til planen i frå offentlege mynde. Kommunestyret kan dermed gjere planvedtak.

Ut i frå ei total vurdering vil kommunedirektøren anbefale at planforslaget kan verte vedteken, og har ingen ytterlegare merknader til planen.

Bygland, 08.08.2024

Kommunedirektør